



Referat frå årsmøtet 2022

Hjelmeland

20. oktober på skulekjøkkenet på Hjelmeland ungdomsskule.

30 personar møtte, både medlemmer og ikkje-medlemmer.

Program:

Kvinner frå Ukraina, nå busette i Hjelmeland, laga mat frå heimlandet sitt. Dei delte også oppskriftene med oss. Mykje og velsmakande mat!
Nadja, som også var tolk, fortalde historier frå sin oppvekst og kultur.

Årsmøtesaker:

Margrete gjekk gjennom årsmeldinga og rekneskapen.

Val:

Liv Inger Mæland blei gjenvald som leiar

Janneke Wijgengangs blei vald som nytt styremedlem.

Grethe Gauthun Olsen gjekk ut av styret.

Kirsten Langvik blei gjenvald til styremedlem.

Kirsti Flatø og Margrete Tytlandsvik sit for eit år til.

Janneke Wijgengangs og Magnhild Munthe Rødde gjekk ut som varamedlemmer.

Bente Riskedal og Brit Sæbø blei valde som nye varamedlemmer.

Torill Berge gjekk ut av valkomiteen.

Nytt medlem blei Grethe Gauthun Olsen

Frå før sit Aslaug Kleppa og Karina Halsne.

Margrete Tytlandsvik, skrivar



Årsmelding 2021/22 Hjelmeland bygdekvinnelag

Hjelmeland

Styret har vore: Liv Inger Mæland (leiar), Margrete Tytlandsvik (sekretær og kasserar), Grethe Gauthun Olsen (medlem), Kirsti Flatø (medlem), Kirsten Langvik (medlem).

Varamedlemmer: Janneke Wijergangs og Magnhild Rødde

Revisorar: Marit Laugaland og Ragnhild Kvame.

Valnemnd: Karina Halsne, Torill Berge og Aslaug Kleppa.

Laget har i dag 60 medlemmer. Me har hatt 3 styremøte.

Hjelmeland bygdekvinnelag har etablert heimeside på Internett. Der blir alle aktivitetar, program og referat lagt ut.

Laget har fått kr. 6000,- som tilskot frå Hjelmeland kommune til drift av laget. Vidare har me fått kr. 1000,- frå Frivilligsentralen som uttrekt premie for å ha registrert laget i Foreningsportalen.

Laget er representert i referansegruppa for bygging av ny ungdomsskule og på orienteringsmøte på Frivilligsentralen om vilkår for å søkja økonomisk støtte ulike stader.

Bygdekvinner lagar havregraut på Ungdomsskulen ein morgen a.k. veke.

Det blei laga kveldsmat til Årsmøtet i Frivilligsentralen i ferbruar.

Laget var representert på Lokallagssamlinga i Haugesund 19-20. nov. 2021 med 4 repr. og på Årsmøtet i Egersund 18.-19. mars 2022 med ein deltakar.

Hjelmeland bygdekvinnelag har sendt søknad til Gjensidigestiftelsen (koordinert av Rogaland bygdekvinnelag) om midlar til å vera med i prosjektet «Bygdekvinner nyt(ter) maten». Det inneber, viss positivt tilsagn, at laget vil ha 4 tilstelningar i 2023 med økonomisk støtte.

Me støttar eit fadderbarn via Misjonsalliansen.

Aktivitetar:

10. nov. 2021 Årsmøte Magnhild Meltveit Kleppa kåserte om «Blir kvinner behandla annleis enn menn i politikken?» 24 medlemmer møtte.

23. mars 2022 Gåtur Jørpelandsholmen rundt.

6. april 2022 Påskemøte i Spinneriet. Liv Vadla Hausken laga påskedekorasjonar som blei lodda ut.

21. mai 2022 Tur til Ådland gartneri på Ombo

25.juni 2022 Stand på Sankefestival i Vågen. Sal av lappar og kaffi.

30.juni. 2022 Markering av frivillighetens år på Hjelmeland. Stand og sal av lappar og kaffi.

20.aug. Stand på Fisterdagen Sal av mat og kaffi.

2.-4. sept.2022 Ryfest Fredagskvelden laga bygdekvinnene kveldsmat til utstillarane. Kjøpte inn mat slik at dei kunne forsyne seg sjølv dei andre morgonane. Rydda etterpå. Sal av vaflar og kaffi laurdag og søndag.

22.sept. 2022 Ullkveld på Spinneriet. Janneth Ur Nessa, Vilde Riveland og Synnøve Strøm ga oss kunnskap og veiledning i å spinna tråd og veva enkle klutar slik kvinnene gjorde når dei laga segla til skipa til Harald Hårfagre når han skulle samla Norge til eit rike. Ullklutane blei leverte til Arkeologisk museum.

25. sept. Hausttakkefest i Hjelmeland kyrkje. Bygdekvinnelaget pynta i kyrkja.

1. okt. Fister bygdadag. Medverknad med matlaging og sal til inntekt for skulegang for barn og unge i Kamerun.

Margrete Tytlandsvik, skrivar

Rekneskap Hjelmeland Bygdekvinnelag 2021/2022

Dato	Nr.	Forklaring	Inntekt	Utgift
28.10.21	0	Saldo pr 28/10-21	51 034,20	
02.11.21	1	Inntekt Frivilligtorg	1 120,00	
15.11.21	2	Utgift Frivilligtorg		283,15
15.11.21	3	Inntekt Årsmøte	1 800,00	
15.11.21	4	Inntekt Årsmøte	1 300,00	
09.12.21	5	Deltakeravgift lokallagsamling		10 350,00
15.12.21	6	Utgift Årsmøte		1 237,02
25.01.22	7	Fadderbarn		3 600,00
12.12.21	8	Reiseutg. Lokallag s. G.G.O.		1 224,00
31.12.21	9	Kredittrente	70,48	
23.12.21	10	Momskompanasjon	897,00	
15.03.22	11	Frimerke, Spar		95,00
15.04.22	12	Rollup		2 200,00
20.04.22	13	Loddsal påskemøte	8 540,00	
08.04.22	14	Loddsal påskemøte	4 200,00	
07.04.22	15	Utlegg påskemøte Liv Vadla		470,00
15.05.22	16	Matutgifter påskemøte		5 107,98
14.05.22	17	Årsmøteavgift. K.L		2 450,00
23.05.22	18	Leiarhonorar L.I.M		2 500,00
23.05.22	19	Loddsal påskemøte	1 720,00	
30.05.22	20	Mat på Omboturen		171,90
30.05.22	21	Premie Hj.l. Foreningsportal	1 000,00	
30.05.22	22	Inntekt Ombotur	100,00	
01.06.22	23	Inntekt Ombotur	100,00	
16.06.22	24	Tilskot frå Hj.l. Kommune	6 000,00	
28.06.22	25	Inntekt Sankefestival	5 300,00	
18.07.22	26	Utgift Sankefestival		1 823,00
23.08.2022	27	Inntekt Fisterdagen	3 486,00	
29.08.2022	28	Pappbeger, serviettar, tallerken		525,00
04.09.2022	29	Sal på Ryfest	133,00	
15.09.2022	30	Utgifter Fisterdagen		376,00
29.09.2022	31	Honorar Ullkveld, V.Riveland		500,00
03.10.2022	32	Inntekt Ullkveld	500,00	
03.10.2022	33	Utgifter Ryfest og Ullkveld		2 526,30
09.09.2022	34	Inntekt Ryfest	8 770,00	
Sum: inntekt			96 070,68	
Sum: utgift				35 439,35
Balanse:				60631,33